

Seier meininga si

Førstkomande måndag er det val og no vil politikarane overbevise veljarane. I denne utgåva av Storfjordnytt er det om lag fem sider med ytringar. Side 10-13

Dei meier vi...



Kvinner i politikken



Måndag møtte kvinner frå fem politiske parti til debatt på Muritunet. Dei la fram sine hjarte-saker, og tok del i debatten om aktuelle emne i Norddal. Den store usemja uteblei. Vi har òg møtte ti veljarar på gata.

Side 6 og 7

I kvinnepanelet sat Britt Ingunn Maurstad (H), Heidi Toreli Sylte (Sp), Kjersti S. Magnussen (Tvpl), Linda Gjerde Myren (NI) og Lilliann Almstad (Frp). Tanja Anette Mathiesen (Ap) melde forfall.

På tide at nokon tek kommandoen

 Arbeiderpartiet

Foto: Synnøve Sorthe

Hugs at bilens AC-/klimaanlegg treng regelmessig service og vedlikehald.

Bestill time hos oss, du vil merke forskjellen

   **VALLDAL**
BILSENTER AS
6210 VALLDAL - TELEFON 70 25 77 06 - FAKS 70 25 76 46



 Vis at du bryr deg
Støtt demokratiet
Bruk røysteretten din

Ordføreren

 **BALLBUFFET**

Torsdagar
Buffet med mjølk kr 115,-
Born kr 6,- pr. år.
Ope kl. 12.00 – 18.00

Velkomen!



Stor pølseveke 

Gilde Prior Finsbråten **÷40%** 9-20 (18)

Potet 5 kg **1990** 

Søndag stengt

H.L. MURI AS 6210 VALLDAL

GODE TILBOD PÅ WWW.HLMURI.NO Tlf. 480 82 100 – Faks 70 25 84 41 – E-post post@hlmuri.no



5 på gata

1. Har du bestemt deg for kva du skal stemme?
2. Har ordføreralterna-tiva noko å seie for ditt val?
3. Følgjer du med på den politiske debatten?

Anders Nystuen Waldal

1. Nei, eg har ikkje bestemt meg, men eg skal stemme.
2. Tenkjer ikkje på det i det heile.
3. Bryr meg lite eller ikkje i det heile om politikken.



Sissel Ekseth

1. Nei, det får eg ta når den tid kjem.
2. Nei, det påverkar ikkje mitt val.
3. Jo, eg følgjer litt med og skal stemme når dagen kjem.



Astrid Ytreeide

1. Ja, det har eg gjort for lenge sidan.
2. Det betyr ingenting for meg.
3. Eg følgjer såpass med at eg har merka meg at det å vere kvinne med eigne meiningar ikkje er lett her i kommunen.



Lars Roar Storås

1. Nei, det har eg ikkje endå.
2. Ja, det kan det ha.
3. Følgjer ein del med og skal no sette meg inn i partiprogramma før eg stemmer.



Perly Kaldhussæter

1. Ja, det har eg, og eg skal stemme på det partiet eg tidlegare har stemt på.
2. Kven som blir ordførar betyr sjølv sagt noko.
3. Kranglinga følgjer eg sjølv sagt med på.



Debatt utan store

Fem kvinnelege utfordrarar til kom-munestyret fekk vist seg fram for publikum på Muritunet måndag, og alle gjorde eit godt inntrykk.

Sissel Tiril Rem
tiril@storfjordnytt.no

Treng vi ein valdebatt med berre kvinner i panelet, var det mange som spurde seg då «Kvinner i lokalpolitikken» tok initiativet til debatten på Muritunet måndag kveld. Som ei av deltakarane i paneldebatten sa: Utan dette initiativet, hadde ikkje vi, men dei meir garva politikarane site her. Slik fekk dei høve til å vise seg fram.

Norddal kommune søkte i fjor haust om å få ta del i prosjektet Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken som Åslaug Haga og Karita Bekkemellem drog i gang. Norddal var heldig å bli utvald på bakgrunn av tiltak dei foreslo i søknaden sin. Eitt av tiltaka var å arrangere ein paneldebatt før valet.

Seks parti

Mellom 50 og 60 menneske, dei fleste politikarar, møtte opp på Muritunet måndagskvelden. Debatten vart innleidd med at dei seks partia fekk tre minutt til å leggje fram programma sine. For Høgre stilte ordførarkandidat Britt Ingunn Maurstad, for Senterpartiet Heidi Toreli Sylte, for Tverrpolitisk liste for Norddal Kjersti S. Magnussen, for Norddalslista Linda Gjerde Myren og for Fremskrittspartiet Lilliann Almstad. Tanja Anette Mathiesen som skulle stille for Arbeid-

darpartiet, måtte melde avbod på grunn av sjukdom. Partiet klarte ikkje å få ei kvinne til å stille på så kort varsel, så ordførarkandidat Bjørn Inge Ruset fekk inneleie for dei.

Kvifor stille?

Kvinnene i panelet hadde på førehand fått tilsendt spørsmål som dei hadde førebudd svar på. Første spørsmål var kvifor dei stilte til val.

Britt Ingunn Maurstad svarte at ho er engasjert og trur at ho som jente, kan vere med og bidra på ein annan måte enn menn.

Heidi Toreli Sylte sa at det passa for henne no, at ho har evne til å engasjere seg og at ho likar utfordringar. Har du ynske om å vere med og påverke, må du stille deg i posisjon, sa ho.

Kjersti S. Magnussen har site som representant for barn og unge i Det faste utvalet for plan-saker i inneverande periode. Der har ho sett kva som har blitt gjort og ikkje.

– Eg er engasjert i barn og unge. Eg vil arbeide for jordnære, daglegdagse ting som trygge skuleveggar, fine badestrender og gode skular og barnehagar.

Linda Gjerde Myren håper å kunne bidra til endringar i politiske prosessar. Lilliann Almstad sa at ho går inn i kommunepolitikken fordi ho har lyst til å lære meir.

Tanja Anette Mathiesen hadde svart på spørsmåla skriftleg på førehand. Svara vart lesne opp av ordstyrar Randi Flø. Til dette spørsmålet svarte Ap-representanten at ho ser ting ho har lyst til gjere noko med, som både gjeld ho personleg og som ho ser andre slit med.

– Eg har lyst til å gjere noko



slik at livet til alle i Norddal kan bli betre.

Kvinner i politikken

Spørsmåla vidare gjekk på om det var nødvendig å ha eigne opplegg for kvinner i politikken og kva som kan gjerast for å få fleire med.

Heidi Toreli Sylte drog fram tal som syner at berre 17 prosent av norske ordførarar i dag er

kvinner. I 2003 var 77 prosent av alle listetoppar menn. Kvinner takkar ofte nei til attval. Om utviklinga held fram slik, vil det ta 80 år før vi har 50 prosent kvinner i politikken.

– I førre periode var berre seks av 21 representantar kvinner i Norddal kommunestyre. Det er ikkje betre her enn i andre kommunar. Kanskje *må* slike tiltak til, meinte ho.

Ytring

Med tru på framtida – Stordal Høgre

Kvart 4. år er det lokalval i landet vårt - der du som veljar kan avgi stemme både til kommunevalet og til fylkestingsvalet. Vi er så heldige at vi kan gå til vallokala og avgi vår stemme i vissheit om at vi lever i eit demokratisk land - eit land med rikdom og moglegheiter.

Ved kommunevalet kan du velje mellom ulike politiske parti - parti med ulike ideologiske grunnsyn, ulike i partiprogram osv. Likevel arbeider nok alle i den hensikt å leggje tilhøva best mogleg til rette for innbyggjarane i den einskilde kommunen - slik er nok lokalpolitikken - slik også i Stordal kommune.

Gjennom mange år - gjen-

nom praktisk politikk har Stordal Høgre hatt dette som utgangspunkt for vårt arbeid - at det politiske arbeidet skal «bere frukter» slik at vi kan vere trygge på gode kommunale tenester, gode arbeidsplassar, utvikling av nye fritidstilbod osv, som igjen skal føre til trivsel og skape felleskap mellom oss som bor i kommunen.

Ei positiv utvikling skjer berre dersom ein så langt som mogleg kan dra lasset saman, vere resultatorientert og finne kreative løysingar på nye utfordringar.

Stordal Høgre ønskjer framleis at Stordal kommune skal vere ein JA-kommune. Det

vil ikkje seie det same som å seie ja til alt, men at ein som eit utgangspunkt skal sjå moglegheitene og ikkje problema når nye utfordringar og innspel kjem fram. Slik kan også folk i kommunen få ei ekte kjensle av å bli tatt på alvor når bedrifter, lag og organisasjonar, privatpersonar etc syner engasjement for nyskaping og vidareutvikling av det som finns i kommunen.

Stordal Høgre er særst glad for at vi no har gjennomført den desidert største satsinga som har vore gjort i kommunen på eldre og pleietrengande. Realiseringa av Stordalstunet har blitt ein stor suksess. Likevel registrerer vi at behovet for fleire omsorgsbo-

ligar er - og vil bli stort. Dette må vi løyse med å komme i gang med bygging av fleire slike.

Stordal Høgre er glad for at vi har eit mangfald av tilbod innan helse-relatert verksemd. Vi er glade for å ha fått på plass det nye «helsehuset» i sentrum, med dei funksjonar som der er etablert. I ei turbulent periode der ein ikkje greidde å få på plass kommunelege i kommunen, freista ein å få til eit samarbeid med andre kommunar, utan at ein oppnådde tilfredsstillande avtalar sett med Stordal kommune sine auge. Vi er glade for igjen å ha kommunelege på plass i kommunen. Det er og imponerende å registrere at vi og kan ha tilbod som

motsetnader



Frå panelet vart det peikt på trong for barnevakt for å få kvinner inn i politikken. Kjersti S. Magnussen viste til at det ikkje er alle som har mennene buande heime i vekene. Til det sa Solveig Linge Stakkestad at eitt av tiltaka til Kvinner i lokalpolitikken, nettopp er å leggje til rette for barnepass.

Prioriteringar

Etter ein halvtimes matpause med drøs i salen opna ordstyraren opp for at publikum i salen òg kunne be om ordet og kome med innspel. Kvinnene vart bedne om å prioritere mellom Galerie Tafjord, kloster og kulturhus. Klosteret kom på ein klar siste plass. Galerie Tafjord fekk to klare røyster og det som

Ordførarkandidat Bjørn Inge Ruset fekk innleie for Arbeidarpartiet sidan Tanja Anett Mathiesen måtte melde avbod til kvinnepanelet på grunn av sjukdom.

fleirtalet heller kalla fleirbruks- hus enn kulturhus, såg ut til å nå høgast opp.

Panelet fekk òg spørsmål om dei vil selje aksjar i Tafjord Kraft eller Norddal Elverk om det skulle bli naudsynt. Alle unntatt Senterpartiet svarte eit klart nei til det.

– Eg ser ikkje kva krise Norddal kommune skulle kome i som gjer at vi må selje aksjar, sa Heidi Toreli Sylte.

– Senterpartiet sa ikkje nei. Det kunne vere interessant å høyre meir prinsippielt om det, spurde Signe Brenna frå salen.

– Då er svaret nei frå mi side, svarte Heidi Toreli Sylte.

Skulenedlegging

Tverrpolitisk liste for Norddal er det einaste partiet som har pro-

gramfesta ynsket om å ha berre ein ungdomsskule i kommunen. Det vart verken kommentert eller debattert. Panelet hadde på førehand fått spørsmål om dei var viljuge til å leggje ned Dalsbygda skule om det skulle bli ei problemstilling. Til det sa dei fleste at slike avgjerder må takast i samarbeid med foreldra.

– Eg har sjølv vore med på å leggje ned skulen i Fjørå. Då det ikkje var nok born att, slik at dei kunne ha noko å leike med, var det ikkje lenger grunnlag for å ha skule. Det same skjedde i Tafjord, sa Lilliann Almstad.

Folketal

Dei frammøtte i salen vart meir og meir med i debatten utover. Mellom tema som skapte engasjement var folketalsutvikling, arbeidsplassar, tomter og gjen-nomgangsbustader.

Ferjerutene var også oppe, der Arbeidarpartiet kunne skilte med at dei vil arbdie for å gjere desse meir laglege for folk som bur i kommune. Svein Linge, toppkandidaten på Tverrpolitisk liste, kunne konstatere at dette er ei sak det har vore jobba med i 16 år utan resultat.

Situasjonen i eldreomsorga og spesielt forholda ved sjukeheimen i Valldal vart grundig debattert, sjølv om det var noko usemje om kva som er dei reelle forholda, heilt til Marit Øvrevoll kunne konstatere at det er sju ledige stillingar. At desse stillingane står ledige gjer at arbeidsbelastninga for dei andre vert endå større.

Dei politiske innlegga etter dette lovprisa dei flinke hendene ved institusjonen, men ingen kom med konkrete lovnader som kan betre forholda.

5 på gata

1. Har du fulgt med på debatten framfor valet?
2. Har du bestemt deg?
3. Meiner du at det bør verte ordførarskifte?

Åge Staurset

1. Nei, det er lite. Eg har følgt med litt lokalt.

Eg går på skule på Fagerlia

VGS og der var det ein skuledebatt.

2. Nei, ikkje enda, men det er vel snart på tide å bestemme seg. Eg har ei halvegs formeining om kva det kjem til å verte.

3. Nei, det meiner eg ikkje. Eg tykkjer han har klart seg fint.



Peder J.O. Hove

1. Nesten ingenting. Noko på fjernsyn, men ikkje lokalt.

2. Eg har stemt på eit parti heile tida, og det kjem eg nok til å stemme på denne gongen òg. Eg ser ikkje grunn til noko anna. 3. Nei. Ordføraren har gjort ein bra jobb hittil, eg ser ikkje nokon grunn til å skifte.



Johan B. Øvrebust

1. Ja, til ein viss grad. 2. Ja. 3. Nei, men viss det fins eit betre alternativ må ein prøve det. Kanskje det finst?



Else Vinje

1. Nei. 2. Ja, det har eg. 3. Nei. Eg har ikkje noko betre forslag, eg tykkjer Charles har gjort ein god jobb.



Steinar Lamo

1. Eg har lest i Storfjordnytt kva dei ulike ordførarkandidatane seier. 2. Ja. 3. Vi kan godt prøve eit skifte, det har vore nokså høgredominert lenge. Ordføraren har gjort mykje bra, men det kan nok gjere godt med eit skifte.



kiropraktor, fysioterapeut, kinesi- sisk akupunktur, helse-velvere- klinikk, helsestudio, samt tilbod gitt gjennom «Mental helse» og «folkehelsekoordinator», dette i tillegg til alt «helserelatert» som vert gjort av private og lag og organisasjonar.

Gjennom mange år er det blitt hevda at vi har ein god skule i Stordal kommune. Ulike undersøkingar, samt resultat av eksamenar etc støttar opp under den påstanden. Likevel er det blitt slik at skulebygget ikkje stettar dei krav som «Kunn- skapsløftet» stiller til dagens og framtidens skule. Dette dreier seg ikkje berre om storleik på klas-

serom, men og på funksjonalitet sett opp i mot det innhaldet sku- lekvardagen skal ha - for både elevar og tilsette.

Her har vi ei stor utfordring å ta fatt på, noko Stordal Høgre vil strekke seg langt for å løyse.

Plassmangel er og kan bli ei utfordring også for barneha- gen. Truleg er kapasiteten ved Andershaugen sprengt når det gjeld vidare utbygging. Å sjå på alternative løysingar i samband med «ny Stordal skule» bør vur- derast.

Stordal Høgre vil arbeide for gode rammevilkår for eksiste- rande næringsliv og vere positiv til nyetableringar som kan gi nye

arbeidsplassar, som igjen kan auke folketalet.

For næringslivet, og for alle som bur i kommunen, er tilbodet utanom arbeidstid ein vesentleg faktor for tilflytting og busetjing i kommunen.

Stordal kommune er kjent for ein stor frivilligheitskultur og dugnadsinnsats. Det kan vi vere stolte av. Vi treng ikkje ramse opp alle prosjekt som er gjennomført der «felleskapet» har løfta i flokk for å realisere gode idear - det er berre «å sjå seg rundt».

Dette er vesentlege positive faktorar som også skaper iden- titet i ei tid der flyttestraumen

i all hovedsak går mot sentrale urbane strøk.

Stordal Høgre ynskjer at denne frivilligheitskulturen skal leve vidare slik at vi i felleskap - ut av gode idear, kan realisere nye prosjekt og vidareutvikle det vi allereie har skapt i felleskap.

Heidersnamn som «møbel- kommunen», «dugnadskom- munen», «friluftskommunen», «kultur- og idrettskommunen» ønskjer Stordal Høgre at vi skal kunne bruke også i åra som kjem. GODT VAL!

*For Stordal Høgre
Stig Falling, leiar
Charles Tøsse,
ordførarkandidat*